



Torleif Vatnøy og Else-Karin Kvalheim
Grovavegen 42
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1495 - 16/12513

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

10.05.2016

Arkivering av søknad utan handsaming - gbnr 25/25 Tvedt nedre.

Kommunen viser til søknad om oppføring av garasje og terrasse mottatt 29.04.2016.

Mottakskontroll

Etter gjennomgang av innsend søknad og dokumentasjon i saka, har kommunen funne at søknaden ikkje er tilstrekkeleg dokumentert jf. byggesaksforskriften §5-4.

Ved gjennomgang av søknaden er det avdekka følgjande manglar:

- Situasjonsplan er ikkje vedlagt.
Tiltaket må teiknast inn på kart som du får hos kommunen. Ytre hovudmål må førast på kartet, samt avstand til midt veg, nabogrense, leidningar i grunnen og bygningar.
- Det ligg ikkje føre teikningar av tiltaket.
Nødvendige plan- snitt og fasadeteikningar må sendast inn. Teikningane skal vera målsatt og i målestokk.
- Tiltaket er ikkje tilstrekkeleg nabovarsla.
Nabo på gbnr 25/5 har ikkje signert for mottatt varsel på skjema og det er heller ikkje dokumentert at han er varsla på anna måte. Det går ikkje fram av nabovarselet kva dokumentasjon naboane har fått framlagt.
- Det er ikkje søkt om dispensasjon.
Tiltaket ligg i område som er omfatta av kommuneplanen sin arealdel og der området er avsett til LNF-føremål (landbruk, natur og friluftliv) I LNF-områda er det berre opna for å føra opp tiltak som er knytt til landbruket eller gardsbasert næring. Oppføring av garasje og terrasse på eigedomen din krev at det vert søkt om og gjeve dispensasjon frå arealføremålet.

Kommunen vurderer at det ikkje ligg føre tilstrekkelege opplysningar i det innsendte materialet til å ta søknaden til handsaming, jf plan- og bygningslova § 21-2 og byggesaksforskrifta § 5-4. Søknaden vert avvist. Når søknaden er avvist må det sendast inn ny søknad med nødvendig dokumentasjon slik at kommunen kan ta stilling til tiltaket.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



VEDTAK:

Søknad om oppføring av garasje og terasse på gbnr 25/25 vert avvist med heimel i plan- og bygningslova § 21-2, jf. byggesaksforskriften § 5-4.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Vi legg til orientering ved informasjonsark om mindre tiltak som tiltakshavar kan byggja sjølv. Kommunen vil elles opplysa om at vi har open byggjesaksvakt tysdagar og torsdagar frå kl. 09.00 – 15.-00 der du kan få ytterlegare rettleiing.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Bygg selv

Mottakarar:

Torleif Vatnøy og Else-Karin
Kvalheim

Grovavegen 42 5913

EIKANGERVÅG